



MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Fylkeshuset - møterom Sygna
Møtedato	04.06.2014
Kl.	10.05 – 18.10

Faste medlemmer til stades:

Åshild Kjelsnes, Ap
Nils P. Støyva, Ap
Anders Ryssdal, Sp
Karen Marie Hjelmeseater, Sp
Jenny Følling, Sp
Noralv Distad, H
Frank Willy Djuvik, FrP
Marit Barsnes Krogsæter, V
Trude Brosvik, KrF

Til stades med møte- og talerett:

Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Knut Henning Grepstad

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet vedtok at sak nr. 77/14 og vedlegg 6, 7 og 8 i sak 76/14 vert handsama for lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 5.

Møtebok frå 2. april, 14. mai og 23. mai 2014 vart godkjend utan merknader.

Fylkesrådmannen gjekk frå som ugild ved handsaming av sak 62/14.

Fylkesutvalet fann Frank Willy Djuvik inhabil til å delta i handsaming av sak 71/14.

Anders Ryssdal deltok ikkje ved handsaming av sakene 73 – 76/14.

SAK 59/14 Tilbod om International Baccalaureate (IB) som eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og UWC Røde Kors Nordisk

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Fylkestinget er positive til å gjennomføre eit tre årig prøveprosjekt (3 elevar) innan IB fag ved Dale vidaregåande skule/UWC.

Saka vert å ta endeleg stilling til i samband med utlysing av undervisningstilbodet for skuleåret 2015/2016 og handsaminga av budsjett/økonomiplan 2015 – 2018.

Føresetnaden er at den eksterne finansieringa på ein million kroner frå det lokale næringslivet er på plass.

SAK 60/14 Fagskulen i Sogn og Fjordane - avklaring av ansvar og mynde, økonomiske rammer og bygningsmessige tilhøve

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Dei reviderte vedtektene for Fagskulen i Sogn og Fjordane vert vedtekne slik dei går fram av vedlegg 1. Det er ikkje behov for å endre vedtektene når det gjeld styret sitt ansvar.
2. Dei økonomiske driftsrammene for Fagskulen i Sogn og Fjordane vert handsama som ein del av dei årlege prosessane med budsjett og økonomiplan.
3. Det må arbeidast for å auke studenttalet og dermed betre økonomien ved fagskulen i fylket.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune nyttar, inntil vidare, opsjonen med årleg forlenging av eksisterande leigeavtale for areal til Fagskulen i Sogn og Fjordane. Det er eit mål at Fagskulen i Sogn og Fjordane, avdeling Førde skal flytte til meir attraktive og tidmessige lokale.

SAK 61/14 Investeringar og drift ved Sogn Jord- og hagebruksskule

Frå hovudutvalet for opplæring låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Saka om investeringar og drift ved Sogn jord- og hagebruksskule vert å ta stilling til i samband med føreståande budsjett- og økonomiplanarbeid.

Hovudutvalet for opplæring ber om at det blir arbeidd vidare i eit samarbeid mellom Aurland kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune med å utgreie ulike organisasjonsmodellar som kan sikre ekstern medfinansiering.

Det må arbeidast opp mot Kunnskapsdepartementet og statlege institusjonar for å få ei betre finansiering til drift av landslina for økologisk landbruk.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg til vedtak som mytt andre avsnitt i staden for avsnitt 2 i tilrådinga frå hovudutvalet:

Fylkestinget ber om at det blir arbeidd vidare med å sikre ekstern medfinansiering og alternative måtar å organisere eigedomsmassen på.

Avrøysting:

Første og siste avsnitt i tilrådinga frå hovudutvalet og framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Andre avsnitt i tilrådinga frå hovudutvalet kom ikkje opp til avrøysting.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Saka om investeringar og drift ved Sogn jord- og hagebruksskule vert å ta stilling til i samband med føreståande budsjett- og økonomiplanarbeid.

Fylkestinget ber om at det blir arbeidd vidare med å sikre ekstern medfinansiering og alternative måtar å organisere eigedomsmassen på.

Det må arbeidast opp mot Kunnskapsdepartementet og statlege institusjonar for å få ei betre finansiering til drift av landslina for økologisk landbruk.

SAK 62/14 Evaluering av Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

VEDTAK:

1. Førdefestivalen er i dag ein kulturinstitusjon med sterk forankring lokalt og regionalt og med klare overføringsverdiar. Knutepunktinstituttet har gjort dette mogeleg.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune konkluderer med at Førdefestivalen på ein god måte oppfyller kriteria for knutepunkt. Førdefestivalen har nasjonal og internasjonal relevans og festivalen sitt tilbod bør vidareførast som eit knutepunkt.
3. Evaluering av Førdefestivalen, jf. vedlegg 1 vert tatt til vitande og vert sendt Kulturdepartementet som Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt innspel i evalueringa av festivalen.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber Kulturdepartementet invitere tilskotspartane til systematisk dialog om finansiering, prioritering og vidareutvikling av festivalen.

-----«»-----

Fylkesrådmannen gjekk frå som ugild ved handsaming av saka.

SAK 63/14 Val av utsending til generalforsamling i Fjord Norge AS

VEDTAK:

Følgjande vert peika ut som fylkeskommunal utsending til Fjord Norge AS si generalforsamling for resten av valperioden 2011-2015:

Utsending: fylkesordføraren

Varautsending: fylkesvaraordføraren

SAK 64/14 Utpeiking av kandidatar til styret i Sogn og Fjordane Holding AS

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet peikar ut følgjande kandidatar som medlemmar i styret for Sogn og Fjordane Holding AS for perioden juni 2014 til juni 2016:

Styreleiar: Åshild Kjelsnes

Nestleiar: Anders Ryssdal

Medlem: Noralv Distad

Varamedlemmar i prioritert rekkefølge:

1. Varamedlem: Nils P. Støyva
2. Varamedlem: Anita Nybø
3. Varamedlem: Marit Barsnes Krogsæter

SAK 65/14 Evaluering av ordninga: Elev- og lærlingombod

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Mobbesaker skal vere ei av oppgåvene til elev- og lærlingombodet. Dette vert innarbeidd i reglementet for ombodet slik: Fyrste avsnittet i §1 får følgjande tillegg: «Ombodet skal også arbeide med mobbesaker».
2. Fylkestinget tek saka elles til orientering.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slike framlegg til nye punkt i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

1. Mobbesaker skal vere ei av oppgåvene til elev- og lærlingombodet. Dette vert innarbeidd i reglementet for ombodet.
5. Fylkestinget tek saka elles til orientering.

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til vedtak som nye punkt 2, 3 og 4:

2. Namnet på Elev- og lærlingombodet vert endra til Elev-, lærling- og mobbe-ombod.
3. Første avsnitt i §1 i reglementet for ombodet får slikt tillegg:
Ombodet skal arbeide proaktivt for å førebygge og tilby kompetanse og hjelp i aktuelle mobbesaker.
4. Fylkeskommunen må syte for at det vert tilført kompetanse som samsvarar med nytt føremål for ombodet.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Noralv Distad, Frank Willy Djuvik, Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta for punkt 2 i framlegget frå Kristeleg Folkeparti. Jenny Følling, Anders Ryssdal og Karen Marie Hjelmeseter røysta mot.

Punkt 3 og 4 i framlegget frå Kristeleg Folkeparti vart samrøystes vedtekne.

Punkt 1 i tilrådinga frå fylkesrådmannen kom ikkje opp til avrøysting.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Mobbesaker skal vere ei av oppgåvene til elev- og lærlingombodet. Dette vert innarbeidd i reglementet for ombodet.
2. Namnet på Elev- og lærlingombodet vert endra til Elev-, lærling- og mobbe-ombod.
3. Første avsnitt i §1 i reglementet for ombodet får slikt tillegg:
Ombodet skal arbeide proaktivt for å førebygge og tilby kompetanse og hjelp i aktuelle mobbesaker.
4. Fylkeskommunen må syte for at det vert tilført kompetanse som samsvarar med nytt føremål for ombodet.
5. Fylkestinget tek saka elles til orientering.

SAK 66/14 Tertialrapport 1/14

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2014

- 1 Rammetilskotet vert auka med netto 0,056 mill. kr.
- 2 Budsjetterte renteinntekter vert auka med 5,000 mill. kr.
- 3 Budsjettert utbytte vert redusert med 5,600 mill. kr.
- 4 Budsjetterte konsesjonskraftinntekter vert redusert med 8,300 mill. kr.

- 5 Bruk av fond til drift og vedlikehald Kunstmuseet med 0,660 mill. kr
- 6 Fonda for unytta INU- og Breibandmidlar vert samla tilført 0,162 mill. kr.
- 7 69,410 mill. kr knytt til administrasjonsutgifter vert fordelt frå sektoren forvaltning til dei andre sektorane i samsvar med vedlegg 1.
- 8 Samla saldering av driftsbudsjettet medfører ein reduksjon i avsetting til bufferfond på 18,346 mill. kr
- 9 Sektorbudsjettet til forvaltning vert redusert med 0,250 mill. kr
Teneste 4005 Eigendelsmidlar vert redusert med 0,250 mill. kr.
Teneste 4800 Juridiske honorar får styrka budsjetterte inntekter og budsjetterte utgifter med 2,500 mill. kr.
- 10 Sektorbudsjettet til kultur
Teneste 7500 Kulturminnevern vert styrka med eigendelsmidlar 0,250 mill. kr.
- 11 Sektorbudsjettet til opplæring vert styrka med 10,000 mill. kr med slik fordeling:
Teneste 5701 Tilskot til lærebedrifter vert styrka med netto 10,000 mill. kr
Teneste 5211 Gratis læremiddel vert redusert med 1,814 mill. kr
Teneste 5151 Fellesutgifter vert styrka med 1,814 mill. kr.
- 12 Sektorbudsjettet til samferdsle får gjennomført slike omdisponeringar:
Teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering får tilført 18,750 mill. kr.
Teneste 7222 Drift og vedlikehald av fylkesvegar vert redusert med 11,000 mill. kr.
Teneste 7300 Buss – kjøp av teneste vert redusert med 8,100 mill. kr.
Teneste 7321 Båt – skuleskyss/veglause grender vert redusert med 0,500 mill. kr.
Teneste 7322 Båt – Ekspres- og lokalruter vert redusert med 1,700 mill. kr.
Teneste 7301 Buss – skuleskyss grunnskulen vert auka med 2,300 mill. kr.
Teneste 7306 Diverse kollektiv vert auka med 0,250 mill. kr.

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2014

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 2.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.

C. Andre område

- 1 Budsjettreglementet vert endra i samsvar med vedlegg 4.
- 2 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 5 vert teken til vitande.

Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 6 vert teken til vitande.

SAK 67/14 Prosedyre for fylkeskommunale garantiar

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

- A. Fylkesutvalet stadfestar at følgjande prosedyre for fylkeskommunale garantiar framleis er gjeldande:
- 1) Det vert ikkje gjeve fylkeskommunale garantiar til anna verksemd enn bompengefinansiering av vegar.
 - 2) Som alternativ til fylkeskommunal garanti kan det søkjast om fylkeskommunale tilskot. Mottekne søknader om fylkeskommunal garanti skal handsamast etter følgjande prosedyre:
 - a) Når ein mottek søknad om fylkeskommunal garanti, vert denne førelagt FU til orientering. Om FU ikkje har merknader følgjer fylkesrådmannen prosedyren vidare.
 - b) Fylkesrådmannen gjer søkjaren merksam på at fylkeskommunen som hovudregel ikkje gjev slike garantiar og at det alternativt kan søkjast om tilskot.
 - c) Omsøkt tilskotsbeløp skal reflektere den innsparinga ein fylkeskommunal garanti ville gitt. Søkjar må framskaffe materiale og dokumentere sannsynleg innsparing.
 - d) Søknaden vert adressert til det respektive hovudutval for vidare handsaming.
 - e) Hovudutvalet tek stilling til om tilskotet skal prioriterast innafor tilgjengelege tilskotsmidlar.
- B. I tråd med punkt 1 over, får Musea i Sogn og Fjordane avslag på søknad om fylkeskommunal garanti.

Endringsframlegg:

Framstegspartiet sette fram slikt framlegg som tillegg til punkt 1) i fylkesrådmannen si tilråding: ...i fergeavløysingsprosjekt.

Avrøysting:

Frank Willy Djuvik røysta for framlegget frå Framstegspartiet. Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Karen Marie Hjelmeseter, Noralv Distad, Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta for tilrådinga frå fylkesrådmannen til punkt 1).

Resten av tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande VEDTAK:

- A. Fylkesutvalet stadfestar at følgjande prosedyre for fylkeskommunale garantiar framleis er gjeldande:
- 1) Det vert ikkje gjeve fylkeskommunale garantiar til anna verksemd enn bompengefinansiering av vegar.
 - 2) Som alternativ til fylkeskommunal garanti kan det søkjast om fylkeskommunale tilskot. Mottekne søknader om fylkeskommunal garanti skal handsamast etter følgjande prosedyre:
 - a) Når ein mottek søknad om fylkeskommunal garanti, vert denne førelagt FU til orientering. Om FU ikkje har merknader følgjer fylkesrådmannen prosedyren vidare.
 - b) Fylkesrådmannen gjer søkjaren merksam på at fylkeskommunen som hovudregel ikkje gjev slike garantiar og at det alternativt kan søkjast om tilskot.
 - c) Omsøkt tilskotsbeløp skal reflektere den innsparinga ein fylkeskommunal garanti ville gitt. Søkjar må framskaffe materiale og dokumentere sannsynleg innsparing.
 - d) Søknaden vert adressert til det respektive hovudutval for vidare handsaming.
 - e) Hovudutvalet tek stilling til om tilskotet skal prioriterast innafor tilgjengelege tilskotsmidlar.

- B. I tråd med punkt 1 over, får Musea i Sogn og Fjordane avslag på søknad om fylkeskommunal garanti.

SAK 68/14 Godkjenning av rekneskap 2013 for Sogn og Fjordane fylkeskommune

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Rekneskapen for Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2013, som syner kr. 2 263 554 570 til fordeling i drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 45 502 062,44, vert godkjent.
Overskotet for 2013 på kr. 45 502 062,44 vert avsett til bufferfondet.

SAK 69/14 Årsrapport 2013 for Sogn og Fjordane fylkeskommune

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Årsrapport 2013 for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert teken til orientering.

SAK 70/14 Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Fylkestinget vedtek verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane i samsvar med revidert plantekst. Viktige endringar som følgje av høyringsrunden ligg i saksframstillinga, kap. 4.
- 2 Fylkestinget føreset at det er utforma forpliktande partnerskapsavtalar når første handlingsprogram vert lagt fram i desember 2014.
- 3 Fylkestinget ber om at det blir lagt fram ein plan for revidering og implementering av landbruk og strategi for industrisatsing hausten 2014

SAK 71/14 Planleggingsprogram for fylkesvegprosjekt i Sogn og Fjordane for perioden 2015-2017

Frå hovudutvalet for samferdsle låg det føre slik fleirtalstilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Framlegget til planleggingsprogram for fylkesvegnettet vert godkjent slik det ligg føre i vedlegget, med følgjande endring:

FV 615: Tiltak: Vi går ikkje vidare med kommunedelplan no, då finansiering av tiltaket ligg langt fram i tid sidan prosjektet står på 8. plass på prioriteringslista. Det må derfor gjerast vedlikehaldstiltak og eventuelt utbetringar utifrå prioriteringslista som Statens Vegvesen har gjort på strekninga.
- 2 Årlege planleggingsmidlar vert å fordele i samband med handsaminga av dei årlege budsjetta.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet, Høgre og Venstre sette fram slikt framlegg til vedtak som tillegg til fleirtalstilrådinga frå hovudutvalet for samferdsle:

Framlegget til planleggingsprogram for fylkesvegnettet får følgjande tillegg nedst under store prosjekt:

Status pr 1.5.2014

Gjort prinsippvedtak i fylkestinget om å støtte prinsippet om å byggje ut Kystvegen Ålesund - Bergen. Det er også gjort fleire delutgreiingar. Manglar ei overordna og samordna utgreiing, samt plan for kystvegen frå Florø og sørover til Hordaland grense.

Tiltak

Administrasjonen kjem attende med eit notat i 2014 som avklarar ambisjonsnivå for ei utgreiing. Utgreiinga skal samordne det arbeidet som er gjort frå Florø og nordover og vurdere trase frå Florø og gjennom HAFS. Utgreiinga skal danne grunnlag for revisjon av RTP.

Avrøysting:

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Noralv Distad, Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta for framlegget frå Arbeidarpartiet, Høgre og Venstre. Fleirtalstilrådinga frå hovudutvalet for samferdsle vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Framlegget til planleggingsprogram for fylkesvegnettet vert godkjent slik det ligg føre i vedlegget, med følgjande endring:

FV 615: Tiltak: Vi går ikkje vidare med kommunedelplan no, då finansiering av tiltaket ligg langt fram i tid sidan prosjektet står på 8. plass på prioriteringslista. Det må derfor gjerast vedlikehaldstiltak og eventuelt utbetringar utifrå prioriteringslista som Statens Vegvesen har gjort på strekninga.
- 2 Årlege planleggingsmidlar vert å fordele i samband med handsaminga av dei årlege budsjetta.
- 3 Framlegget til planleggingsprogram for fylkesvegnettet får følgjande tillegg nedst under store prosjekt:

Status pr 1.5.2014

Gjort prinsippvedtak i fylkestinget om å støtte prinsippet om å byggje ut Kystvegen Ålesund - Bergen. Det er også gjort fleire delutgreiingar. Manglar ei overordna og samordna utgreiing, samt plan for kystvegen frå Florø og sørover til Hordaland grense.

Tiltak

Administrasjonen kjem attende med eit notat i 2014 som avklarar ambisjonsnivå for ei utgreiing. Utgreiinga skal samordne det arbeidet som er gjort frå Florø og nordover og vurdere trase frå Florø og gjennom HAFS. Utgreiinga skal danne grunnlag for revisjon av RTP.

SAK 72/14 Søknad om fråvik frå krav til høgde på rekkverk på fv. 55 Sognefjellet

VEDTAK:

1. Søknad om fråvik frå vegnormalen sitt krav til rekkverkshøgde på fv. 55 mellom Fortun og Sognefjellet vert godkjent.
2. Styrke og utforming av rekkverket som blir sett opp må vera i samsvar med krava i handbok 231.

SAK 73/14 Tildeling av støtte frå fylkeskommunalt enøkfond 2014

VEDTAK:

Følgjande får støtte frå fylkeskommunalt enøk-fond i 2014

1. Vågsøy kommune får inntil kr. 535 000. 2013-tildelinga, kr. 196 000, vert ført tilbake til fondet.
2. Eid kommune får inntil kr. 305 000.
3. Fjordvarme AS får inntil kr. 100 000.
4. Jølster kommune får inntil kr. 154 250.
5. Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd får inntil kr. 155 000.
6. Natur og ungdom får inntil 35 000.
7. Kjølisdalen Montessoriskule får ikkje tilskot frå enøk-fondet.
8. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane får inntil kr. 85 000
9. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, lokallaget Indre Sunnfjord, får inntil kr. 30 000.
10. Miljøagentane, Barnas Miljøvernorganisasjon, får inntil kr. 20 000.
11. Årdal kommune får inntil kr. 75 000.
12. Eid vidaregåande skule får inntil kr. 353 000.

Frist for realisering er 15.12.2015 og for sluttrapport 31.12.2015.

SAK 74/14 Høyringsuttale til rapport frå ekspertgruppe om organisering av strømmettet - Reiten-utvalet

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget ser fleire av framlegga i rapporten frå Reiten-utvalet som positive. Mellom anna gjeld dette framlegget om at regionalnettet skal bli ein del av distribusjonsnettet og framlegget om såkalla DSO-organisering.

2. Fylkestinget ser og positivt på at utvalet erkjenner problemstillingar rundt store skilnader i nett-tariffar. Det er og positivt at innmatingsinntektene skal gå til det nettnivået der faktisk innmating skjer. Fylkestinget beklagar derimot at utvalet ikkje har foreslått løysingar for problem knytt til urimeleg høge og aukande nett-tariffar i område med omfattande utbygging av fornybar kraftproduksjon.
3. Fylkestinget meiner at den situasjonen som t.d. Sogn og Fjordane er i, med urimeleg høge og aukande nett-tariffar på grunn av lojal oppfølging av nasjonale mål om utbygging av fornybar kraftproduksjon, ikkje kan halde fram. Sentrale styresmaktar må gjere noko med dette snarast.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet og Senterpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Fylkestinget ser positivt på at utvalet erkjenner problemstillingar rundt store skilnader i nett-tariffar i ulike deler av landet. Det er og positivt at innmatingsinntektene skal gå til det nettnivået der faktisk innmating skjer. Fylkestinget beklagar derimot at utvalet ikkje har foreslått løysingar for problem knytt til urimeleg høge og aukande nett-tariffar i område med omfattande utbygging av fornybar kraftproduksjon. Konsekvensen av manglande løysingar kan bli nedbygging av kraftforedlende industri og sterk svekkeing av utbygging av fornybar energi. Fylkestinget ber om ei utgreiing av ulike modellar som jamnar ut nettleiga.
2. Fylkestinget meiner at den situasjonen som t.d. Sogn og Fjordane er i, med urimeleg høge og aukande nett-tariffar på grunn av lojal oppfølging av nasjonale mål om utbygging av fornybar kraftproduksjon, ikkje kan halde fram. Sentrale styresmaktar må gjere noko med dette.
3. Fylkestinget ser elles fleire av framlegga i rapporten frå Reiten-utvalet som positive. Mellom anna gjeld dette framlegget om at regionalnettet skal bli ein del av distribusjonsnettet og framlegget om såkalla DSO-organisering.

Avrøysting:

Framlegget frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet vart samrøystes vedteke. Tilrådinga frå fylkesrådmannen kom ikkje opp til avrøysting.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget ser positivt på at utvalet erkjenner problemstillingar rundt store skilnader i nett-tariffar i ulike deler av landet. Det er og positivt at innmatingsinntektene skal gå til det nettnivået der faktisk innmating skjer. Fylkestinget beklagar derimot at utvalet ikkje har foreslått løysingar for problem knytt til urimeleg høge og aukande nett-tariffar i område med omfattande utbygging av fornybar kraftproduksjon. Konsekvensen av manglande løysingar kan bli nedbygging av kraftforedlende industri og sterk svekkeing av utbygging av fornybar energi. Fylkestinget ber om ei utgreiing av ulike modellar som jamnar ut nettleiga.
2. Fylkestinget meiner at den situasjonen som t.d. Sogn og Fjordane er i, med urimeleg høge og aukande nett-tariffar på grunn av lojal oppfølging av nasjonale mål om utbygging av fornybar kraftproduksjon, ikkje kan halde fram. Sentrale styresmaktar må gjere noko med dette.
3. Fylkestinget ser elles fleire av framlegga i rapporten frå Reiten-utvalet som positive. Mellom anna gjeld dette framlegget om at regionalnettet skal bli ein del av distribusjonsnettet og framlegget om såkalla DSO-organisering.

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkeskommunen ser arbeidet med kunnskapsutvikling for berekraftig bruk av kystsona som viktig.
2. Fylkeskommunen vil bidra til finansiering av prosjektet «Marine grunnkart» under føresetnad av at ein vert einige med involverte kommunar og næringsaktørar om fullfinansiering. Prosjektet dekker fire kommunar og bør kunne gje god effekt for planarbeid knytt til sjøområda langs kysten.
3. Prosjektet har ein samla kostnadsramme på 3,000 mill.kr. Fylkeskommunen sett av 1,270 mill.kr og tek denne løyvinga frå Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane og restmidlar til regionalt plan og utviklingsarbeid, jf. saksutgreiinga.
4. Fylkesrådmannen får i oppgåve å følgje opp prosjektet med sikte på fullfinansiering.
5. Fylkeskommunen meiner at det er eit nasjonalt ansvar å få kartlagt kystområda som lekk i arbeidet med kunnskapsbasert planlegging, forvaltning og verdiskaping. Fylkeskommunen vil derfor ta initiativ ovanfor sentrale styresmakter for å få programmet Kyst-Mareano etablert så snart som mogleg.

**SAK 76/14 Skriv og meldingar fylkesutvalet 4. juni 2014 - oppdatert
03.06.14**

Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama:

- 1: Notat til fylkesutvalet om engasjement innan petroleumssektoren
- 1A: Vedlegg til vedlegg 1: Korrigering av føremålet til Botnaneset Industriselskap AS – Ettersending
- 2: Uttale frå fylkestinget i Oppland - Beitesesongen 2014
- 3: Ladepunkt for e-bilar langs fylkesvegane i Sogn og Fjordane
- 4: Lov om vern mot tobakkskader - endringar i lovverk frå 01.07.2014
- 5: Berekning av nye prioriteringstal for rassikringsprosjekt på fylkesveg
- 6: Mo- og Jølster vidaregåande skule - sal av avdelinga på Vassenden – **Ikkje off. jf. Ofl. §23, 1. ledd**
- 7: Luster vidaregåande skule – arealdisponering - **Ikkje off. jf. Ofl. §23, 1. ledd**
I tilknytning til dokument 6 og 7 vart det konkludert med at desse skal følgjast opp som skissert frå fylkesrådmannen si side.
- 8: Fjord 1 - kvartalsrapport 1/14 - **Ikkje off. jf. Ofl. §23, 4. ledd**

Fylkesrådmannen opplyste at dokument til finansutvalet sitt møte 18.06.14 neppe vil kunne leggjast ut før 16.06.

Fylkesrådmannen svara på spørsmål av 22.05.14 (e-post) frå Marit Barsnes Krogsæter til fylkesordføraren om fylkesøkonomien.

Fylkesrådmannen orienterte om:

- arbeidet med å få seld gymnasbygget (Sogndal).
- utbytteforventningar framover.
- dialog med Kontrollutvalet om 1 av 3 prosjekt under «Administrativ samhandling».

- føreståande bussanbod og kopling mot FT sin klimaplan.
- Pågåande arbeid med avtalt selskapsgjennomgang.

SAK 77/14 Utpeiking av ny fylkeskommunal representant til styret i Fjord1 AS

Framstegspartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:
Saka vert utsett.

Avrøysting:

Frank Willy Djuvik, Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta for framlegget frå Framstegspartiet.
Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Karen Marie Hjelmeseter og Noralv Distad røysta mot framlegget frå Framstegspartiet

Høgre sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkesutvalet peikar ut følgjande som kandidat til vervet som ny fylkeskommunal representant i styret i Fjord1 AS for den resterande delen av valperioden 2011-2015:
Bjørn Hollevik

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkesutvalet peikar ut følgjande som kandidat til vervet som ny fylkeskommunal representant i styret i Fjord1 AS for den resterande delen av valperioden 2011-2015:
Lars Birkeland

Avrøysting:

Noralv Distad og Frank Willy Djuvik røysta for framlegget frå Høgre.
Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Karen Marie Hjelmeseter og Trude Brosvik røysta for framlegget frå Senterpartiet.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet peikar ut følgjande som kandidat til vervet som ny fylkeskommunal representant i styret i Fjord1 AS for den resterande delen av valperioden 2011-2015:
Lars Birkeland
